

Ætta i Øyfjordvær.

Av Jens Solvang.

Når det snakkest og skrivst så mykje om det gamle Øyfjordvær, som held på verta avfolka, skulle det ha interesse å draga fram eitt og anna om det eldgamle fiskevær på Senja, der folk har funne livsvilkår kanskje i tusen år.

Eingong var denne staden så høgt ansett at da arven etter Noregs største godseigar Hans Sigurdson i 1490 skulle skiftes i tre hovudpartar, kunne ikkje Øyfjorden koma på berre ein av partane, men måtte deles med ein tredjedel på kvar part. Desse hovudarvingar var Alf Knutson med søsken, Otte Matsson med søsken og tridje hovudladd var Losna-døtrene Ingegjerd og Sigrid Erlandsdøtre, og kvar av hovudpartane fekk ein tredjedel av Øyfjorden. Då skjønner vi og at det måtte koma inntekter av Øyfjorden til odelsslektene sørpå.

-222-

Ingegjerd var gift med futen og bondeflåaren Arold Kane som på skiftet tok vare på Losna-døtrene sin arv, men han fekk neppe stor glede av rikdomen, då det gjekk han som fleire futar at bøndene slo han i hel på tinget.

Det kan ikkje ha vare nett fattigfolk i Øyfjorden, når vi finn i eit tienderekneskap for Bergenshus len 1521 - 22 restanser som betales frå året før med slike summar av sølv som nemnes: Gyllis Garp med 21 lod sølv, Jens Ingvardsen med 12 lod sølv og Hoffung Engebrigtsen med 5 lod sølv og så 11 andre ned til 2 lod kvar.

Men om desse Øyfjordingar veit vi diverre ikkje meir enn namnet og dei skattar dei må ut med. Først kring 1750 finn vi busetjarar i Øyfjorden som folketradisjonen har gøymt eitt og anna om. Ein av desse er Gregus Jonson Meldal, født i 1733.

Han voks opp hos klokkaren Jørgen Henrikson Høgh på Aarnes i Lenvik, truleg var han trønder og har namnet Meldal derifrå, vart g. med Marie Kristoffersdtr. og busette seg i Øyfjordvær som handelsmann med løyve av 1784 å driv gjestgiveri. Av borna deira veit vi sonen Manasse og døtterne Grethe Marie og Marie Magdalena.

Første kona døydde i 1793 av spedalsksjuka, 52 år gl., og i 1799 gifta han seg oppatt med klokkardotra på Aarnes Gunhild Katrine Høgh. Dei fekk ein son Joakim Godske f. 1799- Gregus Jonson døydde 1809, 76 år.

Tradisjonen fortel at han eingong freista å snyte kjøpmannen i Tromsø som han var oppkjøpar åt ved å støype ein stein inn i eitt parti talg, men fusket vart oppdaga, og han slapp såvidt å bli dregen for retten avdi han bad om nåde, og kjøpmannen let nåde gå for rett. Men han unngjekk ikkje at eit klokt hovud laga eit rim, om tilburden der ei strofa lyr: «Og steinen den var slett og rund og vog så nett eit bismarpund».

Sonen Manasse Gregusson var f. 1761 og budde i Breivika, kona hans heitte Beret Sørensdtr. Dei hadde sønene Gregus Manasseson f. 1789, Sedinius Manasseson f. 1796, Aleksander Manasseson f. 1799 og Olai Manasseson f. 1818, og

-223-

fleire døtter. Manasse var ein kvinnekjær mann. Samstundes med sonen Aleksander var han far til sonen Efraim, f. 1799, med ei anna kvinne enn kona si. Så fekk dei ei tenestgjenta i 1812 Karen Ottesdtr. frå Laukvik, og ho vart med barn. Folk visste kven barnefaren var; men Manasse fekk det slik at sonen Gregus vart skreven som barnefar. Barnet døydde kort etter, men Gregus som visste seg skuldlaus, vart sint på faren og for frå heimen.

Malena Olsdtr. på Bakkejord var enke andre gongen og turvte ein arbeidskar. Gregus tok tenest der og vart sidan gift med henne, som hennar tridje mann. Gregus Manasseson fekk ein tragisk daude.

Ein sommardag i 1849 var han og yngste dotra roen bortpå fjorden for å drage kokfisk, då vart dei var frå land at det sat berre eit menneskje i båten og eit par karar skuvde ut båt og rodde borttil. Der låg båten full av sjø og gjenta sat sanselaus på framtofta og tviholdt seg i andre tofta, men Grugas var borte. Dei fekk henne inn i båten sin og tok den andre på slep og rodde på land. Då vart dei var at juksa hong ute med avslitt taum og pilk, men ho var tulla to gonger rundt båten. Dette kunne ikkje forstås ansleis enn at båten, ein liten kjeks, hadde gått to gonger rundt og stogga igjen på rett kjøl, og gjenta hadde i ørvena halde seg fast og følgt med.

Då gjenta kom til sans og samling, kunne ho ikkje fortelle anna enn at faren gjekk hovudstups i havet og vart borte. Dei meiner at Gregus hadde bore i ein sterk fisk - ei kveite kanskje - og reist seg i båten, snåva, og i fallet trødd båten rundt. Han var vanfør i ei hand, men ikkje verre enn at han både rodde og fiska.

Sonen Even Gregusson var etter han busitjar på Bakkejord, og to døtter var gift på Kvalnes, og desse har ei stor etterslekt på Leirstrandsgrenda.

Manasse Greguson døydde 1840, 79 år. Beret Sørensdtr. kona hans var død 1836. Av Manasse sine søner i Øyfjord var Sedenius død ugift i 1821(men etterlet seg ei dotter med gjenta Oldina Hansdtr., Hanna Serine f. 1817, den seinare

-224-

namngjetne «Breivik-Hanna». Aleksander var g.m. Signhild Maria Jeremiasdtr. Dei hadde 6 born. Av desse var sonen Bertheus Severin to gonger gift. 1) Med Bergitte Eriksdtr, frå Finnsæter i Berg. Dei hadde borna Nils Ingvard f. 1846, Aleksander Severin f. 1848, Beret Maria Magdalena f. 1851 og Edvard Johan f. 1852. 2) Med Karen Johanna Olsdtr. frå Rossfjord - ho som sette presten Meek på plass. Både Bertheus og sonen Nils Ingvard var losar for Ytre-Malangen.

Manasse sin yngste son Olai var ikkje Beret Sørensdtrs. son, mor hans heitte Margrethe Olsdtr. Gamle Manasse hadde mange «svin på skogen». Olai budde i Breivik, kona hans heitte Beret Jørgensdtr. «Bakkestu-Beret». Dei hadde to søner Markus og Tollef Bertin.

Jeremias Trondson f. 1779, son av Trond Larsson på Sand i Hillesøy, g.m. Anna Kristine Pedersdtr. frå Botn. Han var busett i Breivik og hadde 6 born, av desse skal nemnes dotra Signhild Marie f. 1800, g.m. Aleksander Manasseson og sonen Nils f. 1815, g.m. «Breivik-Hanna». Dei hadde 3 søner Jakob, Hans og Tore. Tore Nilsson var g.m. Beret Marie Bertheusdtr. vanleg kalt «Tore-Beret». Ho var jordmor og sto mangein hard tørn i det verharde distrikt når ho vart henta i «embets medfør». Jeremias Trondson døydde i 1837, 59 år.

Med Tore Nilsson gjekk den siste bort av ei sermerkt ætt i førre hundradår. Ei ætt som ikkje kjente stort til den moderne tida med godt og vondt, telefon, radio, elektrisk lys og motordrevne fiskarbåtar, og sakna det heler ikkje. Men tradisjonen og segna heldt dei høgt i ære, og heimstadene elska dei som borna elsker mor si.

Tore kunne fortelle segn frå farne tider då det stod kyrkie i Øyfjordvær og dei hadde eigen prest, segn som hadde livd frå munn til munn gjennom hundra av år.

Den slekt som no forlet Øfjordvær og Breivik er storparten innflyttarar som ikkje er rotfesta på stadene - «Men dei gode gamle kollane dei standa like trygt!»